

## **Høyring på utkast til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.**

Frå Tysnes kommune, landbruksforvaltninga skal merkjast følgjande:

I § 6 er nemnd at det skal nyttast søknadsskjema utarbeida av Statens landbruksforvaltning.

Kommunane må få tilgang til mal for standard svarskriv / tildelingsskriv m.m. samt saldokort. Det må og tildelast registreringsskjema som kan nyttast for oversikt over søkjarar, godkjent / avslege, godkjent beløp og tildeling med utbetalingar. Ut frå dette skjema / program må det vere enkelt å hente ut statistikk ved behov.

Jf. § 8 skal kommunen fastsetje overordna retningslinjer for prioritering av søknader i samarbeid med osv.

Her må kommunane tildelast mal for retningslinjer. Desse kan nyttast i dialogen med nemnde samarbeidspartnarar og tilpassast den enkelte kommune. Det er meningslaust at kvar kommune skal bruke tid (som ein ikkje har) til å finne opp eit generelt regelverk som i stor grad må endrast.

Den avgrensinga på at tilskot til vegføremål ikkje kan utgjere meir enn maksimalt 50 % av det tildelte beløp til skogtiltak i den enkelte kommune, må gjelde av brutto tildeling til kommunen. Avgrensinga bør hevast til 75 % då det føreslegne vil utgjere for liten del til det viktigaste tiltaket innan skogforvaltninga, nemleg vegbygging.

Sæbjørn Humlevik  
jordbrukssjef